



- eit fyrtårn i vest

Sluttrapport

Ukrainaprojektet

Prosjektperiode 01.04.22 – 28.02.25



Etter at krigen i Ukraina braut 24. februar 2022, fann kommunedirektøren å setje ned eit eige Ukrainaprojekt til handteringa av eit høgt mottak av flyktningar frå Ukraina. Prosjektorganisering vart sett som ei god løysing ut i frå ei forståing om at arbeidet ville vera tidsavgrensa og ut i frå ei forståing om at krigen ville gå over om ikkje så lenge. På grunnlag av framleis høge mottakstal av flyktningar og fordi krigen framleis pågår er ein kome til at prosjektet vert avslutta, og arbeidet går inn i eit nytt Integrerings- og læringssenter frå 1. mars 2025.

Sluttrapporten oppsummerar arbeidet etter ein prosjektperiode på nesten tre år, og som vedlegg følgjer ei rutinehandbok som dokumenterer korleis ein har jobba i prosjektperioden.

1. Bakgrunn

Etter at krigen i Ukraina braut ut i februar 2022 opplevde ein at Europa stod i den hurtigaste veksande flyktningsituasjonen i etterkrigstida. Då krigen tok til visste ein ikkje kor lenge den ville vare, kor mange flyktningar som ville kome til Norge eller kor lenge dei vil bli. I dette uoversiktlege biletet var likevel statlege styresmakter sin bodskap til kommunane er at ein måtte planleggje for å førebu seg på å ta imot mange flyktningar. På bakgrunn av mange usikre moment om mottak av flyktningar frå Ukraina fann kommunedirektøren å organisera arbeidet som eit eige prosjekt, medan busettingar av flyktningar frå andre land framleis vart handtert av NAV. Prosjekt vart sett som ei god løysing ut i frå ei forståing om at arbeidet er tidsavgrensa idet ein gjekk ut frå at krigen ikkje ville vare så lenge. Vidare vurderte ein at høge ankomstal frå Ukraina medførte ekstraordinær aktivitet utover vanleg drift, samt trong for å samordne innsatsar på tvers i organisasjonen.

Ein vurderte og at ei prosjektorganisering er det som enklast kan handtera hurtig mobilisering og demobilisering av ressursar. Prosjekt er noko anna enn drift, ettersom prosjekt jobbar ut i frå eit mandat der ein kan sjå etter tiltak og fleksible løysingar som kan vera meir krevjande å få til innan ordinær drift. Prosjekt betyr såleis ei sers målretta utføring av arbeidet.

2. Målsetnad

Prosjektet har ei to-delt målsetting:

- Utvikla eit hurtigspor for effektiv busetting av flyktningar
- Sikra at dei som vert busett kjem raskt i jobb og kan verte integrert gjennom arbeid

3. Organisering

Mottak av flyktningar inneber at heile kommunen sitt tenesteapparat vert aktivert og med eit høgt tal på busettingar vert tenesteapparatet utfordra. For å få til ei tverretatleg koordinering i kommunen og samordning i heile tenesteapparatet, vart kommunedirektøren si overordna leiargruppe styringsgruppe for prosjektet.

Det vart vidare nedsett ei stor prosjektgruppe som famna om dei relevante einingane i arbeidet med mottak av flyktningar. Ein sikra såleis å vera tett på tenestene og høve til å gjere avklaringar på ein effektiv måte i tråd med lokale og sentrale styresmakter sine vedtak.



Desse deltek i prosjektgruppa:**Rus og psykisk helse:** Therese Helgesen**BUFT:** Liv Hege Pedersen**NAV:** Nina Andersen**Oppvekst:** Cecilia Byrknes**Vaksenopplæringa:** Nina Håvik Pettersen**Kommuneoverlegen:** Bjørg Møllerløyken**Service:** Kenneth Sangolt gjekk ut sommaren 2024**Informasjon:** Vagleik Brekke**Kultur:** Julia Valeska Woehlert**Frå prosjektet:** Monica Pedersen, Kristoffer Møvik og Kirsten Syljeset**4. Samhandling og møtestruktur**

Til å sikra koordinering og samhandling i arbeidet har det vore etablert faste møter i prosjektgruppa kvar 14 dag, der det vart etablert ei fast sakliste. Ein har på dette viset arbeidd systematisk med oppgåveløysinga og sett etter god praksis og gode løysingar for dei som vi skal ta i mot i kommunen. Forutan fast møte i prosjektgruppa har det vore etablert møte kvar 14 dag med Øygarden bustadforvaltning KF i høve framskaffinga av bustader.

Som eit arbeidsverktøy har det vorte etablert ei teamsliste der relevant informasjon om dei som skal kome til kommunen er delt med dei involverte i mottaksarbeidet. Dette har vore medverkande til å løpande dele informasjon som er viktig å ha oppdatert knytt til oppgåveløysinga.

5. Framskaffinga av bustader

KF bustadforvaltning har vore ein sentral samarbeidspartnar med Ukrainaprojektet og har skaffa fram bustader til dei kommunen har teke i mot. Dette vert gjort ved å ta i bruk eigne bustader samt ved innleige frå den private utleigemarknaden. KF Bustadforvaltning prøver å leige inn mest mogleg møblerte bustader, og i dei tilfelle bustader må møblerast opp er det KF bustadforvaltning i saman med prosjektet som står for dette. Ein har teke i bruk den serskilte ordninga som seier at pensjonistar kan arbeide med dei fordrevne frå Ukraina med ei timeløn på kr 300 utan at dette fører til nedkortingar av pensjonen. Ordninga var gjeldande fram til 31.12.2024. Gjennom storparten av prosjektperioden har det vore to til tre pensjonistar, som har utført arbeidet med å hente inn møblar og utstyr og klargjere bustader til innflytting. Det har vore lagt vinn på tenkje berekraft og gjenbruk ved å nytte bruktmarknaden når ein skal møblere bustader. Ein har i denne samanheng fått mykje utstyr og inventar gratis i frå privat personar som ønskjer å hjelpe dei kommunen busett.

6. Resultat, kva har ein oppnådd i prosjektperioden**6.1 Busettinga**

Ukrainaprojektet har oppnådd å sikra ei effektiv busetting, og resultat tett oppunder oppmoding frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet(IMDi) og kommunestyret sine vedtak. Busettinga av eit stort volum har medført trong for koordinerte innsatsar. Ein viktig suksessfaktor har vore tilsetting av medarbeidar som snakkar ukrainsk som har medverka til god dialog med dei ein har teke i mot.

År	Oppmoding frå IMDi	Vedtak i kommunestyret	Tal busette totalt	Tal busette frå Ukraina
2022	140	250	198	171
2023	240	240	235	198
2024	240	200	180	151

Tabellen fortel at ein samla busette 613 flyktningar i prosjektperioden, der 520 er frå Ukraina og det resterande er kome som overføringsflyktningar hovudsakleg frå land i Midtausten og Afrika. Ein sit og

med oversikt som fortel at i same periode så har 93 av dei busette frå Ukraina reist vidare til andre kommunar, andre land eller attende til Ukraina.

6.2 Utvikling av rutinar og samhandling på tvers

Rutinar som prosjektet har utvikla er nedfelt i ei rutinehandbok der ein har gjort greie for prosedyrar knytt til busettinga, samt system og rutinar for å få inntekter frå integreringstilskot på plass i kommunen. Prosjektet har m.a. vore sers nøye med å få alle busette registrert i Folkeregisteret ettersom integreringstilskotet frå IMDi ikkje vert utbetalt før den einskilde er registrert i Folkeregisteret i kommunen. Rutinehandboka som er laga ligg vedlagt sluttrapporten.

Som det er vist til ovanfor har prosjektet vore løyst ved høg grad av samhandling mellom fleire tenester. Særskilt i saker der IMDi sender kommunen ei fordeling av personar med spesielle helseutfordringar har ein sett på sakene på tvers av einingar for å avgjere om ein er i stand til å kunne gje eit tilpassa tenestetilbod til den IMDi søker ut til kommunen. Ved dialog og avklaringar på førehand kan ein unngå at deler av tenesteapparatet får uventa og krevjande arbeidsoppgåver. Dersom det har vist seg at ein ikkje greier å gi eit adekvat tenestetilbod har ein i somme tilfelle takka nei til slike fordelingar.

Ukrainaprojektet fekk med verknad frå sept. 2023 utvida mandatet knytt til ekstratilskot og helseutfordringar. Det er sidan den tid blitt sendt inn nær 10 søknader til IMDi om ekstratilskot grunna helsesituasjon, der alle har blitt innvilga.

6.3 Arbeid

Den første tida der ein tok i mot ukrainarane, var det ei stor forventning om at mange kunne engelsk, og dermed ei forventning om å kome hurtig ut i arbeid. Erfaringa i Øygarden og i landet elles er imidlertid at kun ein av ti beherskar engelsk på ein god måte. Dette vert stadfesta i ein rapport frå Oslo MET, <https://www.imdi.no/globalassets/blokker/report-2022-11-ukrainian-refugees---experiences-from-the-first-phase-in-norway.pdf>

Det viste seg eit stort ønskje om å delta i introduksjonsprogram for flyktningar, som alle i alderen 18-55 år har rett, men ikkje plikt til å delta i. Dei fleste frå Ukraina ville ta ut retten sin til introduksjonsprogram slik at ein erfarte at det i ein tidleg fase av prosjektet ikkje var så mange som kom ut i arbeid. Det er NAV som gjev introduksjonsprogram og føl opp deltakarane mot arbeid. Prosjektet har i lita mon følgt opp einskildpersonar til jobb. Ein har likevel arbeidd på systemnivå og har i samarbeid med Vest næringsråd og med NAV gjennomført fire jobbmesser for flyktningar der det har vore oppmøte på rundt 100 kvar gong. Prosjektet har også delteke på to av Vest næringsråd sine medlemsmøter for å orientere om prosjektet og behov for arbeid til dei kommunen har busett.

Mot slutten av 2024 viser tal frå NAV at NAV kan vise til gode resultat når det gjeld å få ukrainarane ut i jobb med nærare 70% i jobb etter avslutta i introduksjonsprogram i 2024

7. Vedlegg

Vedlegg 1. Mandat for prosjektet for perioden 01.04.2022 – 31.12.2023

Vedlegg 2. Evaluering av prosjektet, hausten 2023

Vedlegg 3. Vedtak og mandat for lenging av prosjektperioden 01.01.2024 – 31.12.2024

Vedlegg 4. Vedtak og mandat for lenging av prosjektperioden 01.01.2025 – 01.03.2025

Vedlegg 5. Rutinehandbok